

Fylkesmann Øystein Djupedal om framtida for utkanten Øyna i Iveland:

-Her bør det alltid bu folk


-Eg håper inderleg at det også i mange generasjonar framover blir buande folk på denne vakre garden, sa fylkesmann Øystein Djupedal då han i denne veka vitja den avsidessliggjande grenda Øyna der John Øina driv det einaste bruket i denne grenda. Han har god utsikt, men ikkje til ein einaste nabo.

Tekst og foto:
Sigurd Haugsgjerd

I møtet med fylkesmannen fortalde John sin far, Salve Øina, at bruket i dag har 7 km til postkassen og 15 km til post i butikk. Grusvegen som fører fram til den idylliske grenda, var ferdig i 1961. Då kom fylkesmann Nils Hjemtveit for å stå for den offisielle opninga. Han var då så skral at han våga seg ikkje til å gå det siste stykket opp til gardstunet. I dag er det bilveg heilt fram, og fylkesmann Øystein Djupedal kom standsmessig i selskap med landbruksdirektør Leif Løhaugen, Iveland-ordførar Ole Magne Omdal som hadde invitert fylkesmannen, og rådmann og kommunalsjef i Iveland kommune.

Mjolk og skog

John Øina, som driv garden no, representerer det eine av i alt 7 mjølkebruk som enno er att i Iveland. Han leverer rundt 75.000 liter i året og tek elles ut nokre hundre kubikkmeter med tømmer kvart år. Familien på 5 med mann, kone og 3 vaksne born lever med fleire generasjonar tett saman. I nabohuset bur dei eldste, Bjørg og Salve Øina. Salve var likningssjef i Iveland i mange år, men er elles mest kjend for kulturelle interesser, sogemann og forfattar av bøker, skrifter og ik-



-Mitt håp er at det også i framtida blir buande folk på slike gardar, sa fylkesmann Øystein Djupedal til Salve Øina (80) då fylkesmannen tysdag vitja den avsidessliggjande grenda Øyna i Iveland kommune. Det er nesten 50 år sidan det sist var fylkesmann på besøk der. I bakgrunnen landbruksdirektør Leif Løhaugen, - og lengst bak i synsrande såta i Ulebergshaia i Hornnes.

kje minst sogespelel.

Sjølv om dei føler seg som i ein utkant lengst vest i Iveland, lever dei idyllisk med ein sving av Otra innom garden. Der fiskar dei aure som i røykt tilstand vart servert fylkesmannen tysdag.

Smakfullt frå garden

Til eit velduka langbord i den private museumsbygningen på garden med tømre frå 1888 vart gjestene inviterte. Der hadde tre generasjonar lagt seg i selen for å presentere kortreistmat. I det som gjennom åra har vore både sauehus og eldhus fekk fylkesmannen og fylgjet hans

verkeleg meske seg. I tillegg til den utruleg smakfulle auren vart det bydd fram både elgkarbonadar, spekekjøtt med eggerøre av egg frå garden, heimelaga bringebærsyltetøy og kaker i mange variantar. Bjørg, kona til Salve, baud fram eit måltid så allsidig og velspekka at fylkesmannen vedgjekk at han pressa seg litt for å få ein smak av alt saman. Og søtosten, eller gomben var det yngste generasjonen, representert ved dottera Eivor som stod for.

Måtte ikkje bli for mett

Fylkesmannen og fylgjet hans kosa seg med den gode maten. Ved vind-



augsglaset i den vesle stoga sat ordførar Ole Magne Omdal og kjende seg endå ein gong midt i grautfatet. Medan ein hest togg friskt gras i innhegninga utanfor veggen, sat gjestene med rådmann og kommunal-

Etter røykt aure kom Bjørg Øina med elgkarbonadar til fylkesmann Øystein Djupedal.

sjef på rekke og rad og fekk i tillegg til maten høyre historia og kulturen. Det var tydeleg at fylkesmannen lika seg, men han tenkte kanskje også på det som venta seinare på dagen.

Like etterpå skulle han fylle rolla som skytebas og gruveslusk i Steligruva, så det var litt skummelt å bli altfor mett.

Noreg med sitt mangfald

Besøket på garden hjå tre generasjonar Øina gjorde likevel eit mektig inntrykk. Slektstrøtene går tilbake til 1700-talet, og ein ny generasjon står klar til å overta. Det er dei noverande drivarane glade for. Fylkesmannen nytte det han fekk både høyre og sjå.

-Her er det ikkje kringkastingssejfen som bestemmer, så her vil me syngje for maten, sa Salve Øina før starten på det flotte måltidet. Dermed gav han seg i kast med "Gledens Herre" og fekk etter kvart eit visst følge rundt bordet.

-Det fantastiske med å få vere fylkesmann, er nettopp det eg har fått oppleve i dag, Noreg med alt sitt mangfald, sa Øystein Djupedal i ein sterkt personleg takketale til vertsfolket.



God stemning kring velduka bord i den gamle museumsstova på Øyna i Iveland tysdag. Frå venstre: Salve Øina, fylkesmann Øystein Djupedal, ordførar Ole Magne Omdal og rådmann i Iveland, Håkon Rissmann-Bredesen.